

Høyringsfråsegn frå Dronning Mauds Minne, Høgskole for førskolelærerutdanning

Vurdering av foreslåtte tiltak i rapport frå arbeidsgruppe:

Bruk av midlertidig tilsetjing i universitets- og høyskolesektoren

Vi sluttar oss i hovudsak til dei tiltaka som er foreslått i rapporten frå arbeidsgruppa.

Problemstillinga om bruk av mellombels tilsetjing er lite aktuell for Dronning Mauds Minne Høgskole, sidan det dei siste åra ikkje har vore vanleg å tilsette i mellombelse stillingar. Tiltaka som er foreslått under punkt 5.1, "Tiltak som institusjonene selv bør iverksette", er dermed langt på veg gjennomført, eller mindre relevante for DMMH.

DMMH følgjer allereie prinsippet i punkt 5.1.d i rapporten, om at "undervisningspersonale i rene undervisningsstillinger som hovedregel tilsettes fast". Rapporten fokuserer elles på vilkåra for forskarar på eksternt finansierte prosjekt. Denne typen prosjekt utgjer ein relativt liten del av DMMH sin totale aktivitet, og det er som regel fast tilsette som deltar i eksternt finansierte prosjekt. Så også dette er ei problemstilling som i liten grad er relevant for høgskulen.

På to område er arbeidsgruppa delt i synet på dei foreslåtte tiltaka.

Det første punktet gjeld tiltaket i punkt 5.1.e, med tilhøyrande framlegg om forskriftsendring i punkt 5.3.1, om fast tilsetjing av forskarar på eksternt finansierte prosjekt. Her er medlemane i arbeidsgruppa samde om hovudprinsippet at "forskere på eksternt finansierte prosjekter av varighet over fire år skal tilsettes fast". Eit fleirtal i gruppa (5 av 9) meiner at "denne gruppen arbeidstakere ikke skal omfattes av fortrinnsrett til annen stilling ved eventuell oppsigelse". Mindretalet meiner derimot at "*Dersom fortrinnsretten tas bort for denne gruppen innebærer fast tilsetjing ingen andre fordeler enn rett på formell oppsigelse samt noe lengre oppsigelsestid. For ansatte på eksternt finansiering er derfor fortrinnsretten den viktigste konsekvensen av å være fast ansatt.*"

Vi vil her slutte oss til mindretalet si oppfatning, at forskarar i fast stilling på eksternt finansierte prosjekt bør ha fortrinnsrett på lik line med andre tilsette. Vi meiner at arbeidstakarar med fast tilsetjing hos same arbeidsgjevar bør vera tilsett på same vilkår og ha like rettar. Det vil vera prinsipielt uheldig om ein innfører eit skilje mellom grupper av arbeidstakarar, der tilsette i tilsvarande stillingar er tilsett på ulike vilkår. Mindretalet sitt framlegg vil dessutan vera det som i størst grad byggjer opp under målsetjinga om å redusera bruken av mellombels tilsetjingar.

Det andre punktet der det er ei delt tilråding frå arbeidsgruppa, gjeld punkt 5.4. a om tenestetid for tilsette i stipendiatstilling. Fleirtalet foreslår at "gjeldende rettstilstand bør være at tilsettingsperioder som utgjør ren forskerutdanning ikke skal medregnes ved beregning av tjenestetid", noko som er grunngitt med at tilsette i slike periodar ikkje er underlagt ordinær arbeidsplikt. For doktorgradsstipendiatar betyr dette at dei tre åra som normalt utgjer ei rein forskarutdanning ikkje vil gje utteljing i utrekning av tenestetid. Mindretalet meiner derimot at eit slikt framlegg er i strid med mandatet for arbeidsgruppa, og i praksis vil føra til at forskarar får lengre periodar som mellombels tilsette.

Vi har lite erfaring med denne problemstillinga, og det har til no vore lite relevant for DMMH. Mange av dei som har hatt doktorgradsstipend ved DMMH har i utgangspunktet vore fast tilsette ved høgskulen.

Vi er i hovudsak samde i tiltaka som blir foreslått. Vi meiner det er vanskeleg å vurdere konsekvensane av tiltaka, men deler arbeidsgruppa si oppfatning av at meir bruk av fast tilsetjing i eksternt finansierte prosjekt truleg vil ha ein positiv verknad.

Lykke til i det vidare arbeidet!

For DMMH, 18. februar 2011

Elin Alvestrand
rektor